



# Land og bruk

Nummer 2 - 2015

Mai 2015

- nytt og nyttig for landbruksforvaltninga i Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Redaktør: Nono Dimby, telefon 51 56 89 78, e-post: fmroara@fylkesmannen.no



## Innmelding av behov for meir SMIL-midlar i 2015

Fylkesmannen har halde igjen 2 millionar av SMIL-potten for 2015. Desse midlane skal tildelast kommunar som innan **1. juni 2015** melder inn behov for meir SMIL-midlar. Kommunar som melder om aktive tiltak innan ureining og vassforskrifta vil bli prioritert.

Søknaden skal sendast [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no) og med kopi til [fmroara@fylkesmannen.no](mailto:fmroara@fylkesmannen.no)

Viss de har spørsmål, kontakt: Nono Dimby på telefon 51 56 89 78 eller [fmroara@fylkesmannen.no](mailto:fmroara@fylkesmannen.no).

## Arrangement for landbruk/skogforvaltning

Dato	Tema	Målgruppe	Sted	Ansvarleg
21. mai	Feltkurs AR5-kartlegging i Sandnes	Landbruksforvaltninga	Sandnes	Tonje Fjermestad og Morten Svanes
4. juni	Dialogmøte: landbruk, dyrevelferd og produksjonstilskot	Landbruksforvaltninga	Park Inn	Monica Dahlmo og Sissel C. Endresen
8. juni	Estil og RMP	Landbruksforvaltninga	Statens Hus	Monica Dahlmo
9. -10. juni	Godt klima for skognæringa i Rogaland	Skogforvaltninga o.a.	Statens Hus	Stein Bomo
23. juni	Kurs gjødslingsplanlegging	Landbruksforvaltninga	Statens Hus	Monica Dahlmo og Nono Dimby
25. august	Tilskotsamling	Landbruksforvaltninga	Statens Hus	Sissel C. Endresen og Linn Borsheim



## Tilskot til bygging av gjødsellager

Monica Dahlmo

I 2015 kan føretak i nedslagsfeltet til prioriterte vassdrag søkje tilskot fra Innovasjon Norge Rogaland til å bygge gjødsellager.

God lagerkapasitet vil minske spreilinga av husdyrgjødsel i ytterkantane av vekstsesongen, og er difor eit tiltak som kan betre vasskvaliteten i jordbruksområde.

Føretak med driftssenter i nedslagsfeltet til følgjande vassdrag kan søkje tilskot:

- Vatsvassdraget
- Hålandsvatnet
- Skas Heigre
- Timebekken
- Håelva, inkludert Tverråna
- Nordre Varhaugsåna
- Søndre Varhaugsåna

Dagens krav til lagerkapasitet er 8 månader. For å få tilskot må føretaka bygge for lagringskapasitet på 12

månaders lagerkapasitet, og dei må ta høgde for at kapasiteten på 12 månader skal halde i 10 år etter avslutta bygging.

Det blir ikkje gitt tilskot til å utvide lagerkapasiteten for å utvide produksjonen frå dagens nivå. Skal produksjonen utvidast på eit seinare tidspunkt, må det skaffast tilsvarande lagerkapasitet for å tilfredsstille kravet om 12 månaders lagerkapasitet

Krav til søknaden frå Innovasjon Norge Rogaland er dei same som gjeld til alle søknadar. Det vil seie at søkjarane må ha ein driftsplan, og dei må søkje gjennom internettportalen på [Innovasjonnorge.no](http://Innovasjonnorge.no).

Søkjarane må også inngå ein skriftleg avtale om å oppretthalde 12 månaders lagerkapasitet i 10 år fram i tid.



Leiinga har ordet

Hadle Nevøy

## Vegbygging til nytte og bekymring

Alle som følgjer sånn nokolunde med i den politiske debatten har nok merka seg at vegbygging er eit av dei heitaste tema, både lokalt og nasjonalt for tida.

Vegar er ein særsviktig del av infrastrukturen i samfunnet vårt, og skal tene til at vi alle på ein trygg og rimeleg rask måte skal kome oss fram både til sentrale og meir bortgøymde stadar i dette vidstrakte landet. Effektiv framkome for næringstrafikk er avhengig av god vegstandard, vegar med breidd, svingar og bereevevne tilpassa dagens og framtidas køyretøy.

I store delar av landet er därleg vegstandard ein hemsko for næringsutvikling. Sjølv om meir av gods-transporten bør overførast til transport på skip eller bane, vil det vere trøng for godt fungerande vegnett fram til hamner og andre knutepunkt. Avstandskostnadane blir ofte unødig høge grunna manglende vegkapasitet.

Innan landbruket fører dagens vegstandard til store ekstrakostnadar i form av manglende moglegheit til å nytte bilar med stor lastekapasitet. Dette gjeld både transport av driftsmidlar som kraftfôr, gjødsel og innkjøpt grovfôr, større utstyr og bygningsmateriale. Transport av mjølk, dyr og anna som er produsert på garden må også tilpassast därleg vegstandard. I skogbruket er vegkapasitet ein stor flaskehals, og påfører næringa ekstrakostnadar ved transport frå velteplass til mottaksstad.

Nordmenn og ikkje minst rogalendingar er glade i personbilen/bilane sine. Trass i klare nasjonale føringar om å planlegge framtidig by- og tettstadstruktur basert på prioritering av kollektive transportløysingar, sykling og gange, opplever vi stort press på å auke vegkapasiteten også for persontransport med bil.

Regjeringa, og ikkje minst den politiske leiinga i samferdselsdepartementet, er tydeleg opptatt av å bygge nye og breiare vegar for å gi betre framkome, spesielt i sentrale område. Klima- og miljøengasjerte protesterer og framhevar alternative transportløysingar, utan at dette ser ut til å gjere nemnande inntrykk på hardbarka politikarar.

Det er vanskeleg å vere usamd i at det er trøng for nye vegar i tillegg til forbetingar og sikringstiltak på eksisterande vegnett. Også trygge gangvegar og sykkeltraséar kjem på lista over tiltak som det er vanskeleg å seie nei til.

Samtidig må det vere tillate å vere kritisk til kor dei store veggengane blir brukte og ikkje minst til premissane for planlegging og bygging av nye vegar.

Mange vil nok meine at ein altfor stor del av veggengane, supplert av bompengar eller ikkje, blir brukte på store vegprosjekt i sentrale strok. Utbetring av flaskehalsar og rassikring i distrikta blir ikkje tilsvarande høgt prioriterte.

Vegbygging kostar pengar. I tillegg til kraftige innhogg i pengesekken, fører også dagens vegbygging til store arealinngrep.

Vårt eige fylke har fast plass i toppen av lista som viser KOSTRA rapporteringa over årleg omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål. Bustadbygging og areal til næringsetableringar har lenge vore dei dominerande føremåla. Medan hovudtrenden er at omdisponering til desse føremåla er på veg ned, ikkje minst grunna fleire gode plangrep, er det grunn til å sjå med uro på tala for omdisponering til samferdsletiltak. Tala er høge dei siste åra, og det er all grunn til å vente høge tal også i åra som kjem. Fleire store vegprosjekt i fylket vårt er under planlegging, og vi ser at arealinngrepa blir merkbare for alle arealkategoriane.

I einskildprosjekta ser vi tydeleg korleis premissane for planlegging og bygging av nye vegar slår ut i trøngen for areal. Vegar som blir dimensjonerte for stor kapasitet og fart fører til store inngrep i areala. Sjølvvegen og ikkje minst kryssløysingar for av- og påkøyring og nye tilkomstvegar krev meir areal dess størra kapasitet og fart vegen blir dimensjonert for.

For oss som er sette til å ivareta ulike arealomsyn som jordvern, naturvern, landskapsomsyn, friluftsinteresser, barnetråkk eller andre viktige omsyn, verkar det ofte som at argument knytt til veg- og trafikksikringsomsyn trumfar det meste. Sterke nasjonale omsyn står ofte opp mot kvarandre i saker som gjeld vegbygging og etablering av andre samferdsletiltak. Når premissane for tiltaka er lagde, er også oftast arealtrongen gitt. Det gjeld det derfor å kome tidleg inn i planarbeidet og utfordra føresetnadane for tiltaket.

Ha ein fin sommar !

Hadle

Foto: Nono Dimby



## Andelslandbruk - kva er det?

Annabell Pfluger

Andelslandbruk er ein ny trend i Noreg som på rekordtid har fått mange tilhengrarar. Andelslandbruk også kalla CSA (community supported agriculture) er eit partnerskap mellom bønder og forbrukarar der ansvaret for, - og fordelane av matproduksjonen, blir delt.

På lik linje med mange andre modellar byggjer bæresøylene i andelslandbruk på tre punkt:

- **DIALOG** mellom bonden og andelshavarar
- **GJENNOMSIKTIG ØKONOMI** basert på tillit, - og gjennomsiktighet vil synleggjere kva det kostar for alle partar.
- **DELT AVLING - DELT RISIKO:**
  - forbrukarane kjøper ein andel av produksjonen og deler både risikoen og avlingane.

Forbrukarane er i dei fleste tilfella aktivt med på å planleggje, plante, luke og hauste. Det sosiale er òg ein viktig faktor.

Nokre andelslandbruk har fordelt oppgåver og ansvar. Det er til dømes eigne lukegrupper som tek ansvaret for lukainga. Sosiale media gjer det enkelt å kommunisere med og mellom medlemmar. Her blir medlemmar kalla inn til dugnad, informert om hausstingsklare grønsakar og anna informasjon kan òg gå på tvers av medlemmane.

I nokre tilfelle er det berre ei gruppe engasjerte forbrukarar som har fått tak i eit jorde og har gått saman om ein felles kjøkkenhage utan at ein bonde er med. Andre andelslandbruk har berre fokus på grønsakar, medan hjå hos andre inngår mjøl, kjøtt med meir, inn i avtala.

No er det totalt om lag 30 andelslandbruk i Noreg. Ved årsskiftet blei det etablert to andelslandbruk på Jæren. I løpet av våren 2015 kom det ein til på Haugalandet. Det er mogleg at fleire kjem til før året er omme.

Det er inga krav til at andelslandbruk skal vere økologisk. Når man inviterer ufaglærte personar til å hjelpe til på garden, er det likevel klart at ein skal vere varsam med plantevernmiddel. Forbrukergruppa vil nok i mange tilfelle ønske usprøya grønsakar .

Fylkesmannen, Norsk Landbruksrådgiving og Oikos Rogaland Haugalandet vurderer samarbeid for å arrangera eit informasjonsmøte om andelslandbruk på Aksdal hausten 2015.

Ønskjer du meir informasjon om andelslandbruk, kontakt

**Annabell Pfluger** på

- e-post : [fmroapf@fylkesmannen.no](mailto:fmroapf@fylkesmannen.no),
- telefon: 51 56 89 71.

Meir om andelslandbruk på [www.andelslandbruk.origo.no](http://www.andelslandbruk.origo.no)



Utplanting av småplanter.

Foto: Susanne Heart



Frø i handa

Foto: Arve Serigstad

### Oikos – økologisk Norge

har av Landbruksdirektoratet, fått i oppdrag å vere nasjonal koordinator for andelslandbruk. Oikos skal bidra med informasjon, nettverk, rettleiing og bistand ut 2016. Dei har nyleg gitt ut ein [handbok](#) om korleis ein startar andelslandbruk.



## Kommunereforma – kva skjer?

Anfinn Rosnes

Mange har sikkert merka at det er mykje fokus på kommunereforma nå om dagen, m.a. gjennom daglege oppslag i media om dette tema. Regjeringa kom med forslag om å starte ein prosess med å sjå på kommunestrukturen. Dette fekk brei tilslutning i Stortinget våren 2014.

Å sjå på kommunestrukturen skal i utgangspunktet vere ein friviljig prosess, samstundes som fleirtalet på stortinget har presisert at alle kommunar har eit utgreiingsansvar. Kommunane sitt oppdrag er å vurdere si rolle som styresmakt, tenesteutøvar, lokal samfunnsutviklar og lokal politisk arena.

Fylkesmannen har, i samarbeid med KS, fått i oppdrag frå kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) å rettleie kommunane i arbeidet med reforma. I dette ligg det å følgje opp dei kommunane som ikkje har starta utgreiingsarbeid. Underteikna har fylkesmannen si rolle som prosessrettleiar, og eg vil bruke det meste av mi tid på dette i 2015 og 2016.

Landbruksforvaltinga i kommunane har viktige funksjonar innan fleire av dei nemnte rollene, og gjennom ny tildeling av oppgåver kan det bli stilt enda fleire krav til kompetanse og kapasitet i kommunen. Stortingsmelding nr 14 (2014-2015) «Kommunereformen - nye oppgaver til større kommuner» blei lagt fram 20. mars 2015.

Forslaget i meldinga blir omtalt som den største samla flytting av oppgåver til kommunane noko sinne. Det blir t.d. annonseret flytting av oppgåver innan næringsutvikling, og når det gjeld tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket.

På skogområdet gjeld dette m.a. tilskot til vegbygging, der det blir framheva at større kommunar vil gi grunnlag for utvikling av kompetansemiljø for skogbruk i kommunen. Det blir også lagt opp til ei enklare utmarksforvalting, med meir fullmakter til kommunen.

Så vil det vise seg våren 2016 kor mange kommunar som har kome til at det kan vere lurt å danne ein ny kommune.

Les meir om kommunereforma her:

<https://www.regjeringen.no/nb/tema/kommuner-og-regioner/kommunereform/id751048/>



## Ny forskrift om plantevernmiddel frå 1. juni 2015

Det vil bli stilt strengare krav til bønder og andre yrkesbrukarar, men endringane kan opne for tilgang til fleire plantevernmiddel for landbruks- og gartnerinæringer.


Yrkesbrukarar får strengare krav til å føre plantevernjurnal samstundes som det vil bli eit auka fokus på å vurdere alternative metodar enn bruk av kjemiske plantevernmiddel for å ha kontroll på skadegjeraar. Dette kan føre til meir kostnadskrevjande metodar for å kjempe mot skadegjeraar.

Les meir:

[https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2015-05-06-455/\\*#\\*](https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2015-05-06-455/*#*)

Ordnings med funksjonstesting for spreieutstyr blir utvida. Krav til varsling og merking ved bruk av plantevernmiddel på område der andre kan ha tilgang, blir skjerpa. På leikeareal for barn blir all bruk av plantevernmiddel forbode.

[http://www.mattilsynet.no/planter\\_og\\_dyrking/plantevernmidler/strengere\\_regler\\_for\\_bruk\\_av\\_plantevernmidler.19087](http://www.mattilsynet.no/planter_og_dyrking/plantevernmidler/strengere_regler_for_bruk_av_plantevernmidler.19087)



## Mange har meldt frå om driftsfellesskap

I underkant av 300 føretak har meldt frå om driftsfellesskap innan 1. mars 2015 visar ei oversikt frå Landbruksdirektoratet. Føretaka er spreidd mellom dei aller fleste kommunane i Rogaland.

Av føretaka som har kryssa av for driftsfellesskap, er 260 samdrift eller medlem av samdrift. 238 av sokjarane som har kryssa ja for driftsfellesskap, er frå eigedommar der minst eitt anna føretak på same eigedom også søker om produksjonstilskot.


Fylkesmannen har inntrykk av at kommunane har vore aktive med å informera om den nye forskriften om produksjons- og avløysartilskot, samt om forskrift om «*tidsbegrenset bortfall av konsekvenser som følge av driftsfellesskap i jordbruket*». Det er eit viktig arbeid kommunane har lagt ned her.

Det er viktig at fokuset på driftsfellesskap blir halde oppe også i komande søknadsomganger, og at kommunane rettleier sokjarane om korleis dei kan drive klart innanfor regelverket. Kontroll av driftsfellesskap er eit kontinuerleg arbeid som også Fylkesmanne vil ha auka fokus på framover.

Linn Borsheim



Foto: Nono Dimby



## Miljøplan i ny drakt

Nono Dimby

Innhald i den tidlegare forskrift om miljøplan finn du att i ymse forskrifter og er nærmere beskrivne i ev. tilhøyrande rundskriv. Krav til gjødslingsplan og plantevernjournal er framheva spesielt. Her er nokre døme.

### I forskrift om produksjonstilskot § 11, 2 ledd:

ved brot på forskrift om gjødslingsplanlegging og/eller brot på forskrift om plantevernmiddel skal produksjonstilskotet avkortast.

### I ny forskrift om plantevernmidlar § 26

står det at ved bruk av yrkespreparater skal det føres journal hvor det fremgår hvilke vurderinger som er gjort, eventuelle prinsipper som er anvendt, og en begrunnelse for valgene som er tatt..

### Forskrift om drenering § 3, 2. ledd

stiller krav til at sokjarar til dreneringstilskot må ha ei kartfesta grøfteplan, - og miljøinformasjon der verknaden av tiltaket òg er beskrive.



## Gjerdekravet i Jordbruksavtalen

Kravet om gjerde mellom inn- og utmark for å ha rett på tilskot til beite er etter årets jordbruksoppgjer, - oppheva.

Opninga for dispensasjon i gjerdekrava blei teke ut ved revidering av jordbruksavtalen i desember 2014. Dette kunne få store konsekvensar for Rogaland. Fylkesmannen informerte breitt om denne endringa.

Avtalepartane tok saka opp til diskusjon i mars 2015. Dei blei einige om at gjeldande krav i teknisk jordbruksavtale 2014 – 2015, kap. 7.8.2 om permanent gjerde mot utmark, skulle suspenderast fram til spørsmålet kunne vurderast i samband med årets jordbruksoppgjer. Jordbruksoppgjaret er i hamn, avgjersla er teken der gjerdekravet mellom inn- og utmark ble oppheva.

Fylkesmannen takkar for gode tilbakemeldingane vi har fått når det gjeld kor mange som blir ramma av denne endringa. Dette har vore til god hjelp i vårt arbeid.

Linn Borsheim

### I SMIL-forskrifta § 3, 3. ledd

står det mellom anna at sokjar må ha:

- gjødslingsplan og plantevernjournal,
- kart over alt areal føretaket disponerer med beskriving av bruk av areala, kulturminne, biologisk mangfold og fare for ureining.

### Regionalt miljøprogram 2015

Krava som blei stilt til miljøplan vil bli lagt inn i den nye RMP-forskrifta for Rogaland som blir gjort gjeldande innan 20.08.15.

